



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - DESEMBER 2021

26. ÅRGANG

Vågstranda kyrkje



Foto: Tormod Lien

Gledeleg jul!

Klokskap eller etterpåklokskap?

Av Gunnar Torset, vikarprest i Vestnes i 2021

Det som mislukkast for oss i livet får vi ikkje gjort om att. Men desse mistaka minner oss om at vi nokre gongar valde feil. I ettertid ser vi gjerne kva vi skulle ha gjort. Det var så enkelt, men vi såg det ikkje. Men er det noko som ikkje hjelper oss, så er det etterpåklokskap. Vi har mange ordtøke som minner oss om dette. Som til dømes: «Det er for seint å snyta seg når nasen er vekk.»

Kyrkjeåret tar til med Jesu fødsel og endar med Jesu atterkome til vår verd. Han vart fødd i ringe kår, men han kjem att som konge og Herre over både himmel og jord. Han er og vert ein vinnar. Og når Jesus kjem att skal han hente alle dei som er kloke i Guds auge. Det gjeld å bruke tida rett og gjere gode val. Det gjeld å ha



klokskap når vi skal ta våre val og leve etter Guds ord og vilje.

Siste søndag i kyrkjeåret er kalla Kristi kongedag. Det understrekar at Jesus er den som sigrar til slutt. Ein av tekstane er henta frå Jobs bok, kapittel 28. Der står det slik: «Kvar kjem visdomen frå? Kvar har forstanden sin bustad? ... Gud kjenner vegen til visdomen. Han veit kvar han har sin bustad.

Å frykta Herren, det er visdom, å venda seg bort frå det vonde, det er forstand.»

Vi må også gjere dei rette vala når det gjeld vår frelse og det evige liv. Det er dette som er klokskap. Det er slik vi kan bli rekna mellom dei kloke når Jesus kjem att. At vi har søkt inn til Jesus og høyrte hans ord og tatt det til oss i tru. Det er dette som set skiljet mellom dei kloke og dei etterpåkloke som går sin eigen veg. Det er surt å vere etterpåklok, - for det fører til eit unødvendig tap. Det er godt å vite at alle som trur på Jesus og ventar på han og held seg til hans ord får høyre at dei er kloke. For Jesus er vegen til visdomen både her i livet og i det evige livet i himmelen. – **Godt nytt kyrkjeår!**



Kyrkjeverja sitt hjørne

Då er det godt å vere tilbake til «vanleg» drift. Alle restriksjonane i samband med korona-epidemien er over, og vi kan gjennomføre arrangement i kyrkjene våre som før koronaviruset slo til. Det er ressursparande så vel på personale som på økonomi.

Fiksdal kyrkje har hatt store problem med svarte flekkar på veggane til klokketårnet. Sjølv om vi har vaska og måla veggane fleire gongar dei siste åra, kjem dei igjen etter kort tid. I haust har vi gjennomført ei ny renovering med grundigare vasking og måling i håp om at vi kan få bukt med problemet. I tillegg har vi i Fiksdal måla innhegninga til uthuset på kyrkjegarden og beisa noko av gjerdet.

I Tresfjord har vi også gjort litt målingsarbeid på uthuset. Vi står no framfor ei nødvendig renovering av orgelet i Vestnes kyrkje. Delar av orgelet blei demontert i veke 43 og transportert til Trøndelag, der orgelrenovatøren held til. Der vil delane bli renovert. Etter planen vil han vere ferdig med det arbeidet rett over nyttår. I mellomtida

har vi eit framifrå flygel i kyrkja, som blir nytta til den musikalske biten. Orgelet vart innkjøpt til kyrkja sitt 100-års jubileum i 1972 og fyller 50 år neste år. Kyrkja har som de då skjønar 150-års jubileum neste år, og soknerådet er allereie i full gang med planlegginga av jubileet. Konfirmasjonane i haust fekk vi gjennomført på ein fin måte, og konfirmantsamlingane for neste års konfirmantar er i full gang. Barne- og ungdomsarbeidet går igjen for fullt, og vi opplever at mange unge kjem på samlingane. Det er oppløftande å sjå.

Desember månad står for tur, og det betyr mange ekstra arrangement i kyrkjene. Følg med i lokalavisene og på våre facebook- og nettsider for nærare tidspunkt.

Til slutt vil vi i staben ønske alle våre lesarar ei velsigna julehøgtid når den snart kjem, og eit godt nytt år.

Velkomen skal de være til kyrkja!

Olav Egil Tomren

Historisk preike på Vågstranda

Av Tormod Lien

- Endeleg får me ha gudsteneste på Vågstranda. No var det på tide, opna sokneprest Ellen Schiøtt si velkomsthelsing under Høgmesse nest siste søndagen i juni i Vågstranda kyrkje.

Etter at gudstenester har vorte avlyst med korona-epidemien som årsak, gav dei frammøtte uttrykk for at det var godt å få samla seg i kyrkja att. Høgmesse i Vågstranda kyrkje var historisk, fordi dette var den første gudstenesta etter at Vågstranda vart ein del av Vestnes kommune.

Under leiing av sokneprest Ellen Schiøtt og organist Jostein Maude vart det ei kraftfull høgmesse med ein fin liturgi som nyleg er vedtatt i våre kyrkjer. Alle var svært begeistra over at den allsidige organisten hadde teke med seg musikarar og songarar frå Tomrefjord Songlag, som deltok med musikalske perler og nydeleg song. Kyrkjelyden kvitterte med applaus. Koronatiltaka var inntil 50 besøkande denne søndagen, ei kvote som heldt akkurat.

Diakon Emy Benjamins frå Rauma kyrkjelege fellesråd, takka soknerådet og alle i Vågstranda for det gode samarbeidet fram til grensejusteringa.

Liv Gisnås frå Vestnes kyrkjelege fellesråd gjekk motsatt veg, og ynskte alle velkomen til å delta i kyrkjearbeidet i Vestnes. Den flotte blomsteroppsatsen til bygdefolket, ga ho til Atle Astrup, leiar i Vågstranda sokneråd, som takka både for blomster og samarbeidet so langt, med ynskje om eit fortsett godt samarbeid vidare.

- No er me komne til fjerde søndag i Treeiningstida, halvåret mellom pinse og advent utan store høgtider. Det er sommarhalvår og me feirar berre nokre få merkedarar i denne tida. Det er ei tid for vekst både ute i naturen og i vårt indre. Den liturgiske farge er grøn, eit symbol på vekst og liv, opna soknepresten si preike.

Presten oppfordra kyrkjelyden til å ikkje gløyme å takke Gud for at me har det so bra.

- Me må sjå menneskja rundt oss, og møte andre med kjærleik. Dersom me er gode med kvarandre og viser omsorg for våre nærmaste, kan me få til mykje. Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera noko. Me må starte med oss sjølve, sa ho frå talarstolen.

Bygdas nye sokneprest avslutta preika slik: - Gå ut i naturen og nyt Guds skaparverk. Me som bur i eit so flott land kan nyte både naturen og det vakre rundt oss.

- Ære være Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var, er og blir ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.



Atle Astrup, leiar i Vågstranda sokneråd, tek imot blomster frå nestleiar i Vestnes kyrkjelege fellesråd, Liv Gisnås.



Organist Jostein Maude med band og kor.



Ny prest i Vågstranda, Ellen Schiøtt.

Ein julaftan i Kabul

Av Kjell Ødegård



På hausten i 2002 er eg her oppe ved King Nadir Shah sitt mausoleum på ei av høgdene i Kabul. I bakgrunnen ein del av den eldste busetnaden i millionbyen.

Vi nærmar oss atter ein gong den «søte juletid». Høgtida med overflod av mat, fine gåver, familieselskap i lune og fint pynta heimar og ei tid for å kjenne på fellesskap og rikdom som ligg i at vi er nordmenn og får bu i eitt av verdas rikaste, tryggaste og mest fredelege land.

Dette er kjensler eg er sikker på at de alle, kjære lesarar av Kyrkjebladet, har eit nært og kjent forhold til. Trass i å ha vore gjennom koronatider med forskjellige gradar av heimekontor og isolasjon, er vi her heime – også ved inngangen til året 2022 - uendeleg heldige. Og vi veit det.

Slik sett var nok stoda for oss nordmenn omtrent den same i førjulstida for 19 år sidan også, i året 2002, dit eg vil ta dykk med her. Vi var allereie då blant dei landa som kiva om å bli kåra til verdas beste å bu og leve i. Men akkurat ramma av terrorangrepa i USA med den påfølgjande «War on terror», vart vi plutsleg delaktige i ein krig over 5000 km unna, i Afghanistan. På grunn av det fekk eg høve til å oppleve julehøgtida i 2002 i dette fjellandet, i hovudstaden Kabul. Og som utsend representant frå rike og trygge Noreg, skulle eg plutsleg feire jula i eitt av verdas fattigaste og mest krigsherja land.

Minne for livet

Det vart ei heilt spesiell oppleving og eit minne for livet. Ikkje fordi eg var langt heimanfrå eller oppheldt meg i eit muslimsk land i dei dagane vi kristne feirar at vår Frelsar kom til jorda. Heller ikkje fordi eg var på arbeid for å vere med å bygge tryggleik for afghanarane no då Taliban var styrta. Ei heller fordi eg denne jula fekk lese juleevangeliet til dei norske kollegaene mine i «norskeleiren» før eit utsøkt julemåltid vart inntatt. Men fordi ein biltur

på vel ei mil tidleg på julaftan fekk meg så inderleg sterkt til å føle på og reflektere over korleis verda hadde blitt og ikkje minst om eg eigentleg visste kva jula var og juleevangeliet ville fortelje oss.

Eg hadde blitt invitert på julemiddag ut til den norske leiren i utkanten av Kabul, vel ei mils veg frå hovudkvarteret til dei internasjonale styrkane der eg som einleg nordmann tenestegjorde som operasjonsoffiser. Åleine nordmann som eg var der, disponerte eg ein godt pansra Mercedes som eg denne kvelden skulle nytte for å komme meg frå tenestestaden min og ut til der resten av dei norske kollegaene mine budde. Langs denne ei mil lange vegen i skyminga på julaftan, vart den pansra bilen min meir som eit gudshus for meg; inntrykka frå det eg vart vitne til langs vegen, var med på å gjere turen heilt spesiell. Sjølv om eg fleire gongar tidlegare hadde gjort denne turen ut til kollegaene mine, var nok grunnen til den mektige opplevinga eg no fekk, det faktum at det var sjølvaste julekvelden og eg var på veg til varme og gode lokale, hyggeleg selskap og god mat og drikke.

Ei andaktsstund

I ettertid har eg kalla bilturen, opplevingane og refleksjonane eg gjorde i førarsetet, ei andakt. Kvifor noko så sterkt, tenkjer du? Jau, fordi eg på ein måte fekk sjå ein samanheng mellom juleevangeliet, jula sin bodskap og situasjonen til dei eg møtte langsmed på bilturen min, kontra den overflod og den fellesskapen eg var på veg for å ta del i. For kva var det eg såg gjennom vindauga inne i den pansra bilen min mens eg sakte bevega meg i retning norskeleiren og lun hygge, fellesskap og nydeleg mat? Jau, akkurat det motsette; kulde, fattigdom og utanforskap.

Eg måtte køyre sakte, for det var skikkeleg slapseføre, tjukk og blaut nysnø som lima seg til vegen der i Kabul sine gater, i millionbyen som ligg 2.000 meter over havet.



Med bakaromnen i golvet har desse karane det godt og varmt der dei stort sett heile dagane held liv i omnane og kan plukke ut rykande ferske og gode nanbrød.

Langs vegen, på begge sider, hadde dei internt fordrivne afghanarane slått opp telta og blikkskura sine, kloss inntil vegen. Innimellom var bål tende, med frosne og sikkert svoltne familiemedlemmar i alle aldrar samla i ring. Der kom ei burkakledd kvinne berande på det som måtte vere eit nyfødd barn. Ho måtte ha sett at eg sakna farta på bilen og såg på henne, der ho stansa på den snøkledd vegskuldra så eg kunne passere. Litt lenger framme sprang ein gut på 7-8 år over vegen, i ein tynnkledd kjortel og med nakne føter i slippersane sine. Plutseleg, midt i vegen, miste han den eine, og eg måtte bråbremse. Guten også bråstoppa i steget rett framfor panseret på bilen min og kikka opp. Han retta eit varmt og vennleg smil til meg då eg stod der stille med bilen og venta til han fekk redda skoen sin.


Endå eit stykke lenger framme kom eg til ei klynge av meir husliknande bygningar, og i eitt av desse sat 4-5 karar i ein ring kring eit lysande hol i golvet - ein bakaromn. Dei var iherdig arbeidande og stabla nan-brød i høge stablar etter kvart som dei kunne ta brøda ut av omnen. Utanfor, i endelausa rekkjer, stod hutrande afghanarar i alle aldrar for om mogeleg å få ta del i godsakene. I tillegg var nok varmen frå bakaromnen også god å kjenne, der i sluddbyene og temperatur rundt frysepunktet.

Så var køyreturen over den, der eg fekk svinge av, bli sikkerheitsklarert for å køyre inn i norskeleiren og ta del i hygga rundt julebordet som bogna av både pinnekjøtt, svineribbe, raudkål med meir, og så klart riskrem til dessert.

Kva er eigentleg juleevangeliet?

Ja, køyreturen var over, den, - men ikkje refleksjonane mine over kva eg hadde opplevd. For, juleevangeliet som eg fekk gleda av å framføre til kollegaene mine like før vi kasta oss over maten, handla ikkje det også i nokon grad om det eg hadde sett og erfart langsmed vegen? Er juleevangeliet berre ei søt historie om fellesskap og glede slik vi gjerne gjer det til mellom anna i borna sine skuleframsyningar før jul? Fortel ikkje juleevangeliet også om ei tid der Josef og Maria og deira landsmenn var kringsett av romarane? Fortel ikkje Lukas sin tekst også om verdslege og omsynslause makthavarar som keisar Augustus og landshovdingen Kvirinius i same andedrag som vår Frelsar, jødane sin konge, blir fødd under særdeles primitive forhold og i «utanforskap» då foreldra hans ikkje fekk rom i herberget for natta? Og kven var det som først fekk nyss om det store som hadde skjedd? Var ikkje det «dei fattigaste av dei fattige»; gjetarane på marka?

Så, kva var det eg hadde sett og opplevd på bilturen min om ikkje det var akkurat dette; utanforskap og uendeleg fattigdom. Ei verd med enorme forskjellar og urettferd, på alle vis, noko eg følte så sterkt på då julaften i 2002, og som eg heller ikkje kan sjå har blitt så mykje betre no i 2021.



Det var alltid ei glede å besøke moskear i Kabul, her i Pul-e Khisti moskeen, der ein kunne få treffe på hyggelege barn og ungdomar.

Utanforskap

Forskjellane i levkår i verda er framleis så enorme at den er utanfor rekkevidde av forstanden vår. Også her i verdas beste land, med verdas beste levkår, har det blitt slik, om enn i ein annan dimensjon enn i Midt-Austen på Jesu tid, eller i Afghanistan i 2002.

Juleevangeliet er i realiteten prega av både fattigdom og utanforskap, men det ligg også utan atterhald ei stor glede der, då englane song «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.» til gjetarane. Så vi skal framleis feire jula med glede, ha gode opplevingar og prise rikdommen og fellesskapet vårt.

Men samtidig må vi ikkje dysse ned den globale nauda vi ser. Også i vårt rike og på mange måtar egalitære land, er det framleis nok av døde på familiar og einslege som gruer seg til den komande høgtida, fordi dei ikkje har råd til å unne seg det andre tek for gitt, og på denne måten også har ei kjensle av utanforskap.

Gir håp

Men juleevangeliet -essensen og budskapen i det- har gitt og gir framleis håp. Evangeliet viser i stor grad at vi menneske har evne til å yte omsorg. Det slår fast korleis vi

Framhald neste side

viser barmhjertigheit mot ein liten, fattig familie som på mange måtar bryt med dei gjeldande kulturelle og religiøse samlivsnormene på den tida. Kva kan så julebodskapen fortelje oss no ved inngangen til julefeiringa og til året 2022? Eg trur at gjennom å vise vilje til å dele av det vi har og det vi kan, gjennom å hjelpe flyktningar og stå opp for menneske i krise, er vi tru mot juleevangeliet. Bodskapen fortel også, slik eg ser det, at alle som kjem i naud, blir forfølgt eller fell utanfor, har kome opp i akkurat den same situas-

jonen som Gud sjølv har opplevd gjennom at jesusbarnet kom til ei ugjestmild verd.

Så lat oss no i desse dagar -med denne bodskapen i bakhovudet- også tenkje på kva Jesus seier i likninga der han gir dommen over alle folkeslag i Matteus 25:40 «Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg!»

Ha ei velsigna julefeiring!



Foto: John Hurlen.

Vestnes kyrkje 150 år

I 2022 er det 150 år sidan Vestnes kyrkje var ferdig bygd og teken i bruk. Kyrkja erstatta den gongen ei mindre korskyrkje som stod omtrent der flaggstonga står i dag. Den nye kyrkja vart innvigd 11. september 1872, og etter 150 år er det mykje å feire og vere takksame for.

Vestnes sokneråd planlegg å markere jubileet med eit særskilt arrangement kvar månad gjennom heile året. Det vil mellom anna vere konsertar, foredrag og eigne feiringar for og med barn og ungdom.

Sjølve jubileumsgudstenesta blir feira 18. september. Då blir biskop Ingeborg Midttømme med saman med gode lokale krefter.

Velkomen til jubileumsåret for Vestnes kyrkje!

Vestnes kyrkje er open i adventstida

Søndagar 28. november til 19. desember kl. 11.00-13.00

Onsdagar 1. desember til 22. desember kl. 18.00-20.00

Alle dagane med høve til bønemandring.

Vestnes sokneråd.



*Foto:
Audbjørg Gjerde Lippert*

På besøk hos vikarorganist Gunnar Ajer

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Denne gongen har eg teke turen frå Vestnes til Lunde i Telemark. Her bur Ellen og Gunnar Ajer på eit lite småbruk. Gunnar har dei siste åra vikariert fleire gonger som organist i Vestnes, og Kyrkjebladet har no lyst til å verta litt betre kjent med han.

Det er fin haustdag i Lunde, og eg har sett meg godt tilrette i den koselege stova i huset her på småbruket. Ved flygelet sit Gunnar, og eg vert møtt med song og musikk. Bygdeboka kan fortelje at huset er frå 1721, men i 2019 vart det oppdaga husbukk, så eit stort arbeid ligg no bak før huset endeleg er teke i bruk igjen.

Gunnar har ei synshemming, og eg er interessert i korleis oppveksten kunne vera når ein såg lite.

- Eg visste ikkje av noko anna, det var slik livet mitt var. Eg var kategorisert som blind då eg vart fødd. Etter tre operasjonar enda eg opp med 10 - 20 % syn. Eg minnest oppveksten min som ei glad og god tid, og ser tilbake på den med stor takksemd.

På spørsmål om korleis han meistarar det musikalske arbeidet, fortel han:

- Heldigvis er det å spele ikkje avhengig av synet, eg har ein god hugs. Noter er eg dårleg på, men gjekk i pianolære frå eg var 12 - 16 år. Men etter kvart la eg vekk notene og spela etter gehør og laga mine egne musikalske betraktningar.

Som tidleg ungdom fekk Gunnar råd om å gå organist-vegen, noko som han ikkje var særleg motivert for. Han var heller ikkje så målbevisst på kva han ville, men så modnast det litt etter litt. På eit motivasjonskurs i 2003 med tanke på arbeidslivet, kjende han at tida no kunne vera inne til å gå inn i organistjobbar. Etter det har han vore innom omlag 50 kyrkjer i Telemark og var fast tilsett i ca 4 år som organist i Drangedal.

Så er eg interessert i å vite korleis Gunnar klarer å tileigne seg nye salmer og songar:

- No ligg det meste ute på YouTube og eg brukar YouTube aktivt når eg skal lære nye salmer og songar. Når det gjeld liturgien, så sit også den når eg har høyrte den 2-3 gonger.

Men så vil eg gjerne vite kvifor han vart organistvikar på Vestnes, langt unna Telemark.

- Ellen kjem frå Verma og vi er på dei trakter i ny og ne, og har etter kvart fått eit stort nettverk der. Så for vel 2 år sidan tok eg kontakt med kyrkjevevja for å høyre om dei trong ein vikar på 17. mai. Det hadde dei behov for, og slik byrja ballen å rulle, og etter kvart blitt større. Så det har blitt ein del vikariat. Det er i tillegg ein god tone blant dei tilsette og dei er lette å halda seg til.

Når du spelar i kyrkja, opplever eg ofte at du ut i gudstenesta kjem og tek plass ved flygelet. Tankar rundt det:

- Eg er oppteken av variasjon, og det er inga hemmelegheit at eg føler meg friare på eit flygel/piano. Eg synest det er kjekt å vera organist på mange måtar, men føler at eg får formidla på ein heilt anna måte ved å spela flygel og syngje. Det ser eg som ein god sjanse til skape variasjon og innhald i gudstenesta.

Du er og ein habil songar, og har hatt fleire songkveldar i deler av landet vårt:

- Det er vel der eg kjenner kallet mitt, dersom eg kan bruke det uttrykket, det å koma rundt i ulike kyrkje-lydar og forsamlingar, anten det er innanfor Den norske kyrkja eller andre organisasjonar. Der kan eg formidle evangeliet på ein annan måte enn kan gjennom gudstenesta. Slik bør det vera rom for begge deler.

Til slutt syntest Gunnar det var ekstra stas at han som var leiar i Drangedal sokneråd då han var organist der, seinare skulle dukke opp på Vestnes! Og Gunnar kjem til Vestnes igjen påska 2022.



Bøn med fem teikn

Av Martinus Løvik

På hausttakkefesten i Tresfjord kyrkje ein fin septemberdag – det er godt å vere menneske på ein slik dag – fekk vi mellom anna høyre «*Bøn med fem teikn*». Det minte meg på at talet fem har ei spesiell meining i kristendommen, det er eit symbol for noko.



Kristi fem heilage sår har vore viktige opp gjennom kyrkjehistoria. På krusifikset på nordveggen i Tresfjord kyrkje ser vi korleis blodet renn frå naglesåra i hender og føter, og frå spydstikket i brystet. Spydstikket blir ofte plassert på høgre sida, men det er heller ikkje uvanleg å framstille det på hjertesida.

Den enklaste symbolikken er at femtalet står for Jesus og dei fire evangelistane, og dette er den vanlegaste forklaringa på kvifor ortodokse kyrkjer ofte har fem kuplar – ein stor (Jesus) og fire mindre (evangelistane Matteus, Markus, Lukas og Johannes). Det same gjeld for nasjonen Georgia sitt flagg, som er kvitt med ein stor raud kross og fire mindre raude krossar i kvar av dei fire delane den store krossen deler flagget inn i.

Dei fem kuplane på ortodokse kyrkjer og dei fem krossane i Georgia sitt flagg vert likevel ofte også tolka som eit minne om Kristi fem sår på krossen – *dei fem heilage sår* som har spela ei stor rolle i kristen tru og praksis. Særleg i seinmiddelalderen var ein sterkt oppteken av Kristi liding. Fire av sår er naglemerka i hendene og føtene frå krossfestinga, og det femte er såret i brystet etter lansens til den romerske soldaten. *Kristi fem sår* kjem til uttrykk i svært mange ting i den kristne



Over preikestolen i Tresfjord kyrkje heng eit altarframstykke frå første delen av 1300-talet. Måleriet er eit Maria-antemensale, med Jomfru Maria i sentrum. Den gamle treramma er pryda med 14 utskorne og måla roser. Dette er sokalla Maria-roser. Dei har fem kronblad, til minne om Kristi fem heilage sår.

historia. Både kyrkjer, bønner og messer er vigde til dei fem heilage sår, og dei fem heilage sår går att i symbol på svært mange gjenstandar.

Ikkje uventa møter me dei fem heilage sår i kunsten. Det er skrive prisvinnande romanar der dei fem heilage sår er eit tema, store komponistar har nytta temaet slik at vi kan møte det både i kyrkje og konsertsal, og innafor kyrkjekunsten møter me dei fem heilage sår i talrike verk, store og små. Sår er til dømes framheva i krusifikset som heng på nordveggen i Tresfjord kyrkje, slik som dei er framheva på veldig mange andre krusifiks.

Også i det gamle antemensalet i Tresfjord kyrkje møter me femtalssymbolikken, iallfall på ramma rundt biletet. Ramma er dekorert med tradisjonelle Maria-roser, som har fem blad. Og går me ut på kyrkjegarden, møter me symbolikken på gravminna. Dei gamle jærnkorsa har ofte nedst på foten eit blomstermotiv, ein blome med fem kronblad, gjerne 'innramma' med eit større blad på kvar side. Og ser vi på gravsteinane, finn me ikkje sjeldan steinar med den femblada Maria-rosa, og stundom den



Maria-rosene med dei fem kronblada til minne om Kristi fem sår finn vi også att på dei fine brudestolane som 'gamlelæraren' Nils Aanes laga og ga til Tresfjord kyrkje ved 150-årsjubileet for kyrkja i 1978. Ein naturleg stad å ha Maria-rosene – brudekrona er jo også eit minne om krona til Maria, himmeldronninga.

fem-tagga stjerna som også skal minne om Kristi fem sår på korset. Somme steinar har jamvel begge symbola.

Alt i året 1139 sette den portugisiske kongen Alfonso I dei fem heilage sår inn i det kongelege våpenskjoldet sitt, og slik finn me dei framleis i det portugisiske flagget. I sentrum har det raude og grøne flagget eit kvitt skjold på raud botn, og i det kvite skjoldet er det fem små blå skjold som kvart har fem kvite prikkar. Blått var den mest kostbare og fornemme fargen i mellomalderen, i måleria vart blått stort sett brukt berre på kleda til kongar, Jesusbarnet og Jomfru Maria. Dei fem kvite prikkane i dei blå skjolda i Portugals flagg er Kristi fem heilage sår.

Me kan vidare nemne den dominikanske rosenkransen som har femti små perler for Jomfru Maria og fem store perler for Kristi fem heilage sår. Og i somme kyrkjer var det ein gong vanleg å ringje med kyrkjeklokkene på fredagane for å minne om at dei truande før helga skulle be fem bønner til minne om dei fem heilage sår.


«*Bøn med fem teikn*» under hausttakkefesten i Tresfjord kyrkje fekk meg i all si enkelheit til å kjenne meg som ein del av ein gamal tradisjon og noko mykje større. Og det er vel litt av meininga med å gå i kyrkja.



Også ute på kyrkjegarden møter me Kristi fem heilage sår; somme gravsteinar har jamvel både Maria-rosa med fem kronblad som vi ser på sidene av steinen over, og den fem-tagga Maria-stjerna, som også er eit mykje brukt symbol for Kristi fem heilage sår.



Somme nasjonar har Kristi fem heilage sår i flagga sine. Portugal sitt grøne og raude flagg har i midten fem små blå skjold, og kvart av dei har fem kvite prikkar – Kristi fem heilage sår.



Georgias flagg.

Konfirmantar i Vestnes



Tomrefjordkonfirmantar. Foto: Kari Utgård



Vestneskonfirmantar. Foto: Kari Utgård


kommune hausten 2021



Vikekonfirmentar. Foto: Kari Utgård



Tresfjordkonfirmentar. Foto: Kari Utgård



Fiksdalkkonfirmentar. Foto: Kari Utgård



Vågstrandakonfirmentar. Foto: Heidi Sødahl

Konfirmasjonen i år var den siste med prest frå Rauma. Diakon Emy har følgd konfirmentane heile konfirmenttida, så det var naturleg at ho også stod for konfirmasjonen. Kantor Jostein Maude stod for musikken i lag med songarar frå songmiljøet i Tomrefjord.

Gudstenestevandring til Korsstøneset 30. mai

Foto: Liv og Asbjørn Gisnås



Vandringa startar i Gjermundnesbukta. Her samlast vi også etterpå til «kyrkjekaffe».



Vi går gjennom frodig landskap, korte stopp undervegs, med song og ord til ettertanke.



Vandringa endar med nattverd på Korsstøneset. Godt oppmøte. Fint ver, men best å sitte i le for nordavinden.



Biskop Ingeborg, på tilfeldig besøk, var medhjelpar under nattverden.



Signe Hellevik vikarierte som prest. Klokkar og tekstlesar Oliver Hegdal Hoem, forsangar Jostein Maude.

Gudsteneste på Stall Kjersem 11. juli

Foto: Asbjørn Gisnås



Klokkar Britt Eli Sætre Knudsen og vikarprest Gunnar Torset.



Kaffe og prat høyrer med når det er seter-gudsteneste.

Gudsteneste i Øygardsbukta 8. august

Foto: Thor Ringsby



Klokkar Kari Nakken, vikarprest Hans Arne Akerø, Halvor Inge Sporsheim med trekkspel.



Songinnslag ved Gunnar Ajer. Sjå intervju med han annan stad i bladet.



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

Glimt frå trusopplæringa sommars og haust 2021



4.klasse på tur med kyrkja i juni med avslutning i Vestnes kyrkje



Hyttebygging på Daugstad med 3. og 4. klasse i juni!



4.klasse på tur med kyrkja i juni med avslutning i Vestnes kyrkje



2-årssamling med song, sauen som blei funnen og bokutdeling i Fiksdal kyrkje.



«Kyrkja på tur» i Tomrefjord.



4-årsbokutdeling i Vestnes kyrkje.

Kyrkjias samtaletilbod 13 +



Det er ikkje alltid lett å vere ungdom. Nokon gonger kan det vere veldig krevande, og då kan det vere godt å ha trygge vaksne å snakke med. Eit problem i dag er at mange treng hjelp, og at køen og ventetida kan bli lang. Det er her vi (diakon Ellen Edvardsen og prest John Sylte) ønskjer å bidra med vår kompetanse. Ellen er utdanna sosionom, i tillegg til diakonutdanninga, og John er utdanna psykotraumatolog og har jobba mange år i sikkerheitspsykiatrien, i tillegg til teologistudiet. Vi har begge lang erfaring med å følgje opp menneske i ulike livssituasjonar, og ungdommar.

No har vi oppretta samtaletilbodet 13 +, og ønskjer slik å vere der for ungdommane i kommunen vår. Vi veit at det er mange som slit no, og vi ønskjer å vere ein bi-dragsytar i tillegg til det kommunale hjelpetilbodet.

Ein samtale med 13 + skal opplevast som trygg og god, uavhengig av religion og livssyn. Det er det som går føre seg i ungdommen sitt liv som er fokuset vårt i samtalane. Vi skal vere fordomsfrie og lyttande. Nokon gonger kan vi hjelpe, andre gonger kan løysinga vere å vise til andre instansar, då etter samtykke frå den det gjeld. Då vil vi sørge for ein trygg overgang, og forhåpentlegvis vere eit vikarierende håp til den andre hjelpa kjem inn. Vi ønskjer å vere fire ekstra auge og øyrer som ser og høyrer dei unge.

Tilbodet vårt vil skje i eit tett samarbeid med skolehelsetenesta, slik at vi saman kan gje det beste tilbodet til dei som treng det. Helsestasjon for ungdom - HFU - er eit godt etablert tilbod til same aldersgruppe, og vi i 13 + vil inngå som ein del av dette, kvar tysdag kl. 16.00.- 17.00. Vi kan sjølvstendig også kontaktast direkte.



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon: 45502815 (jobb)/ 91865064 (privat)

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjer

Telefon: 94169153(jobb)/ 91629416(privat)

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schjøtt, sokneprest

Telefon: 92046870(jobb)/ 92046814(privat)

E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 94160429(jobb)/ 97499175(privat)

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 94142364(jobb)/ 41472908(privat)

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor

Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Geir Falch, kyrkjetenar Telefon: 90217404

Andrew Lange, kyrkjetenar Telefon: 40548156

Nina Kvernmo, konfirmanlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Martinus Løvik,
Nils-Berge Sundfør og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gaver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps. Vippsnummeret er: 511986

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.

«La oss leve for hverandre»

«La oss leve for hverandre» var ein av songane denne ettermiddagen, og det var vel nett det alle kjente på.

Etter denne vanskelege tida med nedstenging og sosial distanse kjentest det ekstra godt å koma saman på kafé denne gongen.

«De kan ikkje forstå kor einsamt det har vore i denne tida!»

«Vi er så sveltefora på sosiale samvær!»

Dette var noko av det dei besøkande kunne fortelja.

Vi var heldige og hadde fått inn Roger Lid med sitt digitale trekkspel. Han spelte eit allsidig repertoar. Det var musikk og tonar som alle naut og det ga gode vibber rundt oss.

Ettermiddagen gjekk fort!

No er det bestemt datoar for dei to neste kafeane før jul. Det vert 2. november og 7. desember.

Kafeen som er på kyrkjestova i Tresfjord er eit samarbeid mellom Tresfjord sokneråd og Røde Kors omsorg.



Jubileumskonfirmantar

29. august var det jubileum i Fiksdal kyrkje for dei som vart konfirmerte for 50 år sidan. I tillegg også dei som var jubilarantar i fjor, men fekk øydelagt jubileet pga. pandemien. Det var ikkje noko minus å feire i lag. Stemninga var svært god på Kyrkjelydshuset der dei var innbedne til middag og kaffe av styret. Jubilarantane gav uttrykk for stor glede over å få møtast på denne måten.

I første rekke frå venstre: Per Helge Selnes, Signy Ræstad Fagerheim, Venke Frostad Stene, Dagrur Marie Gjelsten, Åse Johansen Longva, og Ann Ellingseter Ulvestad.

Bakerste rekke frå venstre: Kolbjørn Selnes, Arve Rekdal, Ivar Fiksdal, Jan Erik Rekdal, Harald Egil Bjerkevoll, og Arild Magne Rekdal.



Foto: Thor Ringsby.

La Grace få fylle fem år



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av mors kjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølvsagt om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døyde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248



Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsesenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timar tidlegare.

Endeleg balldag og kyrkjebasar igjen

Etter eit år utan balldag og kyrkjebasar på Vestheim ungdomssenter kunne Vestnes sokneråd igjen invitere til ein slik dag i slutten av oktober slik det har vore gjort i over eit par tiår.

Folk trossa regnvéret og kom for å ete middag og prate saman.

Maten smakte visst godt i samvær med andre. Etter kaffi og kaker var det nokre omgangar med årsal, før ettermidagen på Vestheim blei avstutta med trekning av gevinstar på bok.

Vestnes sokneråd vil takke butikkar, bedrifter og privatpersonar som har støtta oss med gevinstar, midlar og praktisk hjelp i samband med avviklinga av kyrkjebasaren.



Take Away Balldag på kyrkjelydshuset i Fiksdal



Damene klare til servering av potetball.



Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller
VIPPS valgfritt beløp til 13130



Min julesalme

Av Ann Iren Fylling

Min julesalme er "Deilig er jorden".

Denne julesongen er ekstra høgtideleg for meg. Når denne songen vert sunge i Fiksdalkyrkja i jula, er det tradisjon for at alle reiser seg og syng. Det gjer det heile ekstra stemningsfullt.

I andre verset vert vi minna på mennesket si livsvandring her på jord. "Tider skal komme. Tider skal henrulle. Slekt skal følge slekters gang". Det minner meg på alle dei som var her før meg og alle dei som skal komme etter meg. Det at vi syng dei same julesongane år etter år er fint. Slegt etter slekt.

Eg kan tydeleg sjå for meg forfedrane der dei sto høgtidsstemte i kyrkja og song. Dit kom dei med sine sorger og gleder. Også i juletider.

Det er ikkje alle som opplever at jula er ei fin tid. For mange kan denne tida verte ekstra tung og vanskeleg. Mange har mista sine kjære som dei var so glad i. Andre kan slite med helsa eller streve med andre ting. Det er viktig å hugse på dette når vi går inn i julehøgtida. Med denne fine songen vil eg ønskje alle ei god jul!

Med denne fine songen vil eg ønskje alle ei god jul!

Deilig er jorden,
Prektig er Guds himmel,
Skjønner er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre riker på jorden
Går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme,
Tider skal henrulle,
Slegt skal følge slekters gang;
Aldri forstummer tonen fra himlen
I sjelens glade pilgrimssang!

Englene sang den
Først for markens hyrder;
Skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden! Menneske, fryd deg.
Oss er idag en Frelser født

Nye klede i Vike kyrkje

I julenummeret av Kyrkjebladet i fjor skreiv vi om nye kyrkjetekstilar i grønt og fiolett som skulle vere ferdige til 50-årsjubileet for kyrkja 1. søndag i advent og visast fram da. På grunn av pandemien vart jubileumsfeiringa avlyst, men til gudstenesta jubileumsdagen kom tekstilkunstnaren Bjørg Hustad likevel og forklarte mønsteret og symbola på dei nye kleda.

Messehakelen i fiolett var ikkje ferdig da, men vart levert ut på nyåret -21. Fiolett er den liturgiske fargen for fastetida og adventstida, men den fiolette messehakelen har knapt vore



Bjørg Hustad presenterer dei grønne tekstilane 1. søndag i advent 2020.

brukt enda på grunn av avlyste gudstenester. Vi er glade for at dei strenge restriksjonane under pandemien er over, så vi kan samlast og bruke kyrkjene att som normalt.

Litt om symbola:

Messehakelen:

Sirkelen står for det evige, æva. Trekantane (ein stor i sirkelen og mange små på sidene) symboliserer treeininga, - Gud Fader, Sonen og Den Heilage Ande. Baksida ser vi ikkje her, men der er ein tornekrans forma av samansette trekantar.

Lesepultkledet: Her ser vi ein tistel, som er eit symbol på smerte og lidning.

Preikestolkledet er pryda med ein fisk. Fisken er eit gammalt Kristus-symbol.

Ellen viser også fram ein av dei nye kleshengarane til oppbevaring av tekstilane, laga av Bjarne Leikarnes.



Sokneprest Ellen Schiøtt med dei fiolette tekstilane, - messehakel og klede til lesepult og preikestol.



BARNAS SIDE

Fargelegg

Jesus, Maria og Josef kjem heim til Nasaret.



Teikningar: Rikke Fjeld Jansen


Finn 5 feil

Engelen fortel Josef at dei må flykte til Egypt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem små feila på biletet til høgre?



Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Abonner på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-
per barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
fadder gave!

Konfirmanttreff Hjelvik Idrettsplass

Den 9. juni arrangerte soknerådet i Vågstranda konfirmanttreff på Hjelvik idrettsplass. Årets konfirmanter og neste års (2022) var med på treffet.

Emy var med og arrangerte/hjelpete til med arrangementet, samt at mange foreldre/besteforeldre var med å sette sitt preg på festen. Liv Astrup og Ragnhild Pedersen i soknerådet stod for servering av mat og drikke.

Veret var fint denne dagen, og det var med å sette ei fin ramme rundt arrangementet.



Frå venstre Emy Benjamins, Liv H. Astrup, Atle Astrup. Dei andre på bildet er neste års konfirmanter og årets konfirmanter.

Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomne

Til å lage eit kyrkjeblad treng vi midler til drift, trykking og distribusjon. Arbeidet med artiklar, foto osv. i bladet, blir gjort på uløna basis. Økonomien er basert på gåveinntekter, eller frivillig abonnement, om du vil. Av ulike årsaker vart det berre to nummer i år, men skal vi halda fram med tre nummer, må også inntektene auke.

Vi vil samstundes takke alle som støttar bladet med små og større gåver. På giroen som ligg i bladet, vel du sjølv kva du vil gje. Bankkontonummeret til Kyrkjebladet er 4056.20.62124. Du kan og bruke Vipps: 511986.

Nils-Berge Sundfør



Konfirmantfest på Vågstranda Menighets- hus 27. august 2021

Den 27. august var det fest på menighetshuset for årets konfirmanter. Festen var arrangert av soknerådet i Vågstranda der konfirmanter deltok saman med foreldre. Det vart servert pizza med tilbehør til 15 deltakarar. Liv Astrup stod for matservering i lag med Tormod Lien, som også hadde lagt inn ein del underhaldning til festen, quiz og gode historier som Tormod er flink å framføre. Alle saman syntest det var ein fin fest der latteren også sat laust.



Tormod Lien som «toastmaster».



Stilling ledig

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar i Tresfjord kyrkje/kyrkjegd

Ledig timebasert stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar i Tresfjord kyrkje. Arbeidsoppgåver inne i kyrkja i samband med arrangement, samt drift/vedlikehald av gravplassen.

Stillinga kan delast opp i to, så er det ønske om kun innedelen, eller kun utedelen så kan det også vere eit alternativ.

For ytterlegare opplysningar om arbeidsoppgåver, oppstart etc.; ta kontakt med kyrkjevevjerje, Olav Egil Tomren på tlf.916 29416

Stilling ledig

Klokkar i Vike kyrkje

Ledig timebasert stilling som klokkar i Vike kyrkje.

Arbeidsoppgåver i samband med gudstjenester.

For ytterlegare opplysningar om arbeidsoppgåver, oppstart etc.; ta kontakt med kyrkjevevjerje Olav Egil Tomren på tlf. 916 29416.

Amalies jul

Amalie Haugen Øvstedal bor for tiden i Vestnes, sammen med samboer Håvard, og vesle Ella på snart 4 måneder. Amalie, som er fra Vestnes, ble kjent for mange gjennom programmet The Voice. Amalie elsker tradisjoner, og julen har alltid vært en kjær høytid for henne. Hun ønsker å bidra til å sette folk i julestemning med førjulskonserter, både i Tresfjord- og i Vestnes kirke. Med seg på konserten har hun samboer Håvard Henriksen, som trakterer både gitar og bass. Amalie og Håvard møttes som studenter ved Universitetet i Agder, der de begge har tatt utdanning innen rytmisk musikk. For tiden studerer Håvard i Volda, mens Amalie er hjemmeværende med vesle Ella. Det vil bli spilt kjente og kjære julesanger, og konserten vil passe godt for både barn og voksne. Amalie og Håvard kan garantere at julestemningen vil komme på plass.



Velkommen til konsert!

Tresfjord kirke – lørdag 4. desember kl 17.00

Vestnes kirke – søndag 5. desember kl 18.00.

Voksne kr. 250,-

Barn under 16 år kr. 150,-

Billetter selges via www.tikkio.com

Adventskonsert i Vike kyrkje

Søndag 12. desember kl 17.

I år blir det ein ekstra variert konsert med flotte aktørar: Stephanie Lippert og Hallvar Djupvik, Den Lille Messingfabrikken, Vestnes og Daugstad/Vike skulekorps.

Det ligg an til ei flott ettermiddagsstund i kyrkja i førjulstida, saman med gode songarar og korpsmusikarar. Stephanie og Hallvar er begge operasongarar, men er svært allsidige, med eit variert repertoar. Stephanie er svensk, så kanskje vil ho framføre ein eller fleire av dei fine svenske julesongane ho har vakse opp med? Korpsmusikarane er også veldig gode. Den Lille Messingfabrikken og Vestnes og Daugstad/Vike skulekorps har gjort det svært godt i konkurransar, både som grupper og solomusikarar. VDV skulekorps tok 1. plass i 2. divisjon janitsjar i korps-NM sist sommar! Vi gler oss til å ha dei med på konserten. Som de ser vil vi få høyre mykje god song og musikk, men vi skal også få tid til litt allsong, der vi kan synge med på kjære og kjente julesongar. Velkomen i kyrkja, - garantert god førjulsstemning! **Gratis inngang, kollekt.**



Konsert i Vestnes kyrkje 11. desember kl. 18.00

Tomra Brass Band

har hatt tradisjon for å invitere til adventskonsert i Vestnes kirke, og det er en glede å kunne invitere til konsert igjen i år. Her vil det bli masse fin, tradisjonell julemusikk og en fin anledning til å senke skuldrene og finne litt julestemning i ei travel førjulstid. Vi har i år vært så heldige å få med oss Hallvar og Stephanie Djupvik som sangsolister og det gleder vi oss stort til. Hallvar og Stephanie er operasangere utdannet ved operaakademiet i København, og de har sunget på store scener både i Norge og i utlandet. De bor nå i Tomrefjord og de jobber med sang og musikk på heltid. Det er en ære for oss i Tomra Brass Band å få ha de med på årets adventskonsert. Dirigent for Tomra Brass Band er Stefan Bocken. Det vil bli gratis inngang på konserten, men mulighet for å betale valgfri «billett» ved utgangen. Velkommen til en fin førjulskveld i Vestnes kirke!

Adventskonsertar i kyrkjene

12. desember kl 17.00	Vike kyrkje
12. desember kl 18.00	Vestnes kyrkje
19. desember kl. 19.00	Tresfjord kyrkje
19. desember kl. 20.00	Fiksdal kyrkje

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

- 04.04. Frøya Frostad Olafsen
18.04. Nathaniel Schulze Flatseth
18.04. Nora Bjerkevold Vik
13.05. Kine Furland
13.05. Aksel Øverås Kosberg
13.06. Tiril Dyrkorn Granlien
13.06. Bonnie Leikarnes Herje
13.06. André Stokkeland Rypdal
18.06. Dina Eikremsvik H. Neraas
18.06. Eldar Eikremsvik H. Neraas
11.07. Mie Eik Brastad
11.07. Ada Ellingsæter
01.08. Leia Håseth Andersen
(døpt i Eid kyrkje)
15.08. Frida Hovde Ræstad
15.08. Olea Annie Hjelvik Slutås
15.08. Tiril Todal-Robertsen
15.08. Emma Wierper-Larsen
29.08. Tobias Skjegstad Visdal
01.09. Celina Emilie Solbakken Sandnes
04.09. Maria Olivia Chrispim Tomren
25.09. Varg Saari Skjegstad
26.09. Oliver Rokstad Eik
26.09. Sigrid Frantzen
26.09. Arian Emiil Småge-Liabø
26.06. Yrja Sjøholt Øverås
03.10. Josefine Sundnes Talleraas
(døpt i Tomrefjord)
31.10. Hanna Fiksdal Bjermeland
31.10. Ylva Bø Kristiansen
31.10. Adrian Skotte Strømsheim
14.11. Adriana Kroken Schumacher
14.11. Olianna Søvik Olesdottir
14.11. Hailey Sæter-Stenødegård

Vigde:

- 28.05. Freweini Teklay Mesfin og Bjørn Arne Sveia
30.07. Ragnhild Bakken og Johannes Harbo
31.07. Aimee Skjegstad og Jørgen Rekdal
21.08. Anette Øveraas og Steffen Lilleås Staurset
25.09. Hanna-Lina Saari og Preben Skjegstad
09.10. Ann Helen Dalheim og Tony Lie
23.10. Cecilie Sekkenes og Marius Fjærli
03.11. Marit Jonsson og Bjarte Vik
(Kråkvika)

Døde:

- 17.03. Hallvard Sæter
06.04. Ragna Marie Rødstøl
09.04. Borghild Sofie Misfjord
10.04. Helge Birkelund
15.04. Bjarne Tautra
18.04. Vivian Moen
24.04. Sølvi Cathrin Uren

- 03.05. Bjørn Mathias Rødstøl
24.05. Rasmus Sporsheim (gravl. Aukra)
27.05. Målfrid Lien
01.06. Petter Knutsen (gravl. Ålesund)
26.05. Svein Vestnes
07.06. Ole O. Vik
13.06. Jorunn Gjerde Reistad
04.07. Tore Bredeli
12.07. Kåre Jarle Solevågseide
12.07. Turid Olaug Busengdal (gravl. Stordal)
14.07. Bergljot Kjellnes
14.07. Jan Wiggo Selnes
20.07. Vidar Sørby
10.08. Gudrun Marianne Pedersen
11.08. Johan Konrad Varnes
13.08. Nils Helge Skjegstad
20.08. Jan Petter Brastad
19.07. Roy Martin Eide
27.08. Kjell Andreas Johansen
28.08. Kari Birgitte Hølgenes
01.09. Odd Lillevik
25.09. Astrid Smedal
22.09. Arnfinn Ivar Stjern
26.06. Else Petrine Frostad
11.10. Bjørg Mary Ødegård
14.10. Gerd Budeng
14.10. Marry Karin Frostad
15.10. Albertine Paula Misfjord
27.10. Gerd Hildur Gaupseth Remmem
02.11. Nils Bernhard Pettersen

Vike kyrkje

Døpte:

- 01.08. Martinus Dragnes
22.08. Felix Frostad Tangen
21.11. Leonel Bratshaug Skare

Døde:

- 08.07. Aashild Kristiansen
15.08. Målfrid Vik
12.09. Eva Vike

Fiksdal kyrkje

Døpte:

- 04.04. Hogne Bakk Lien
18.07. Dennis Frostad Lunde
04.09. Constanse Jonetta Marken
12.09. Alfred Bech-Gjerde
17.10. Emily Ellingseter Kanishi

Vigde:

- 07.08. Ellen Kristin Bergheim og Christoffer Ackermann Rørvik

Døde:

- 03.04. Chikubai Roy Sakashita
02.06. Bjørg Rekdal
05.08. Alfild Karen Rekdal

Tresfjord kyrkje

Døpte:

- 25.04. Johanne Bjermeland Lindset
25.04. Åshild Eline Sætervik Vestnes
04.07. Jenny Løkke Hungnes
04.07. Lavrans Schjøtt-Haakonsen
30.07. Jarl Gjesdal Markusson
22.08. Kristian Elias Must
22.08. Emrik Lindset Øvstedal
19.09. Hermine Aamås Bjermeland
10.10. Liam Leonel Mateo Forss

Vigde:

- 07.08. Elisabeth Sylte og Geir Inge Lien
25.09. Elin Talberg og Tore Nerbo
16.10. Lindsay Madsen og Alfred Bergum

Døde:

- 08.04. Kirsti Skjegstad
21.04. Irene Villa
29.04. Peder Reidar Daugstad
19.08. Alf Bjarne Løvik
24.09. Gunnhild Bjermeland
07.09. Arnljot Løvik

Vågstranda kyrkje

Døpte:

- 25.07. Victoria Hjelvik
05.09. Oskar Lechowski

Døde:

- 28.04. Stig Olav Farkvam
30.04. Oddlaug Marie Hjelvik Skytterholm
04.05. Bjørg Helen Hjelvik
06.05. Oddlaug Reistad
15.05. Ingrid Marie Løvik
16.05. Ingebjørg Dybvik
23.10. Asle Henry Henriksen



Foto: Nils-Berge Sundfør

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar, sjå heimesida www.vestnes.kyrkja.no)

05. des. 2. s. i advent

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Lysmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

12. des. 3. s. i advent

Stella Maris kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

24. des. Julaftan

Tresfjord kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjestova.

Vestnes kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS M og R.

Vestnes kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Vike kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Mali.

25. des. 1. Juledag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Etiopia.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

Det Norske Misjonsselskapet.

26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Bibelselskapet.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til

Frelsesarmeen lokalt.

02. jan. Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyårsfest.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd

09. jan. 2. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

16. jan. 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. til

1. klasse. Takkoffer til

misjonsprosjektet i Mali.

23. jan. 4. s. i openberringstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. til

1. klasse. Takkoffer til

kyrkelydsarbeidet.

30. jan. 5. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Takkoffer til

Søndagsskulen Romsdal krets.

06. feb. 6. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Samefolkets dag.

Takkoffer til Bibelselskapet.

13. feb. Såmannssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 3. klasse frå Vike og Tresfjord.

Takkoffer til trusopplæring i soknet.

20. feb. Kristi forklaringsdag

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Nepal.

27. feb. Fastelavnssøndag

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00.

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

02. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriptemålgudsteneste.

Takkoffer til institutt for sjele-

sorg, Modum bad.

06. mars 1. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Årsmøte

Takkoffer til Misjonskirka.

13. mars 2. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. til 1.

klasse. Årsmøte. Takkoffer til

trusopplæringa i soknet.

20. mars 3. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagengudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Familiegudsteneste. Utd. til

1. klasse. Takkoffer til

eigen kyrkjelyd.

22. mars tysdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Fastegudsteneste.

Takkoffer til fasteaksjonen.

27. mars Maria bodskapsdag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens

nødhjelp.

03. april 4. s. i fastetida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens

nødhjelp.

Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502022

Foto: Nils-Berge Sundfør

